



Tre av dei 24 damene som gjer dugnadsinnsats for TI-aren er Liv Hansen, Kjellaug Rød og Britt Arnesen. Tysdagskafeen selde for 48.000 i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Datakurs for seniorar er eitt av punkta på arbeidsplanen for dette året som vil bli vedteke under årsmøtet i Uskedalen Utvikling tysdag kveld.

Møtet startar klokka 19.30 i Gamleskulen, som UU eig.

Eit anna punkt i planen er fullføring av oppussinga av kjøkenet, som no er igang og eit tredje oppgradering av leikeapparata ute. Etter ein anbodsrunde for kjøkenprosjektet fall valet på Bygger'n Teigen. Janne Olsson og Asbjørn Olsen har starta opprydding av kjellaren der kloakkutløpet blir lagt om.

Opprustinga av huset har ellers gått kontinuerleg og mellom anna omfatta montering av nye lampar i taket som gir betre lys om kvelden. Med god hjelp av Kvinnherad Elektro kom ny varmpumpe på plass og den glatte platingen på utsida er borte og erstatta med singel.

Ellers går det fram av planen at UU skal registrerast i Brønnøysund slik at også dei kan nytta godt av Grasrotandelen, at vedtektene skal oppdaterast og at lutane skal løysast opp og betalast ut.

Vidare skal strikkekafeane halda fram og det skal også drifta av TI-aren på tysdagane. Aktiviteten i Dialogforum skal oppretthaldast og det same skal drifta av uskedalen.no. Det er også viktig at Uskedalen Utvikling følgjer opp aktuelle saker i bygda som kjem inn gjennom året.

Styret håpar at så mange som mogeleg av luteigarane kjem til årsmøtet ettersom oppløysing av desse og vedtektsendring er ein av sakene som skal opp.

Også val er ein viktig programpost. Det skal veljast både nye styremedlemmer og nye revisorar. Jane Haaranes og varamedlem Reidar Myklebust går ut av styret medan Oddbjørn Kroka, Berit Harriet Døssland (representant for TI-aren) og Asbjørn Olsen vert sitjande.

Det same vert Janne Olsson som varamedlem.

Den siste har også gjennom det siste året gjort ein stor innsats med vedlikehaldet og leiar no arbeidet med opprustning av kjøkenet.

Styret i UU konstituerar seg sjølv.

Av Ola Matti Mathisen